

NYTT  
FRÅ  
**INSTITUTT  
FOR  
INFORMATIKK**



**Nr. 8 16. FEBRUAR 2007**

### **Innhold**

Ny universitetsdirektør  
Mindre studieplanendringar  
Småforskmidlar  
Instituttseminar 22 februar  
Utgifter for disputasar  
Tregongerregelen inn att  
LLP (Lifelong learning programme)  
Kvalitetssikringsopplegget ved UiB godkjent  
Informasjons- og drøftingsutvalet  
Publisering 2006, oppdatert

## **Kari Tove Elvbakken ny UiB-direktør**



Kari Tove Elvbakken blir ny direktør ved  
Universitetet i Bergen frå 1. mars.

Vi gratulerer, og ser fram til godt samarbeid.

Meir: [http://nyheter.uib.no/?modus=vis\\_nyhet&id=35386](http://nyheter.uib.no/?modus=vis_nyhet&id=35386)

## **Mindre studieplanendringar**

Vi har frist til 1. mars for å koma med framlegg til mindre studieplanendringar for 2007/2008. For å få tid til å handsama eventuelle framlegg internt, nå slike framlegg vera sendt til [Ida.Holen@ii.uib.no](mailto:Ida.Holen@ii.uib.no) seinast **25 februar**.

## **Småforskmidlar 2007**

Eg minner om søknader om ”små driftsmidlar” (sjå II-NYTT nr. 6, 2. februar). Dette er eit framifrå tiltak, og enno er det rom for fleire søknader (frist til meg 20. februar).

## **Instituttseminar 22.2**

Førelesar på instituttseminaret 22.2 kl. 1415 er Dag Finne. Han er konsulent ved Bergen Teknologioverføring (BTO) <http://bergento.no/>

Hyperaktuelt tema: Kommersialisering av forskningsresultat

- 1- Lover og reglar
- 2- Kort om BTO
- 3- Litt om forskingsdriven innovasjon
- 4- Nokre døme på selskapsetableringar fra UiB

## **Utgifter til disputas**

Hittil har utgifter til reis og opphald for komiteen/opponentar ved disputasar vorte dekkja av fakultetet. Frå og med i år, har instituttet overtatt ansvaret for dette. Vi fekk samstundes auka ramma med 240.000 kroner. Med om lag ti disputasar i år vil vi såleis ha disponibert om lag 25.000 for kvar disputas i medel. For å sikra at vi held oss innan budsjettet må samansetjinga av komiteane godkjennast av instituttleiar før potensielle komitemedlemar blir kontakta.

## **Tregongerregelen inn att**

Fakultet har vedtatt at ein student ikkje kan gå opp til eksamen meir enn tre gonger i same emne. Dette var regelen før kvalitetsreforma vart innført, men han vart, som ei prøveordning, oppheva i 2003. No er regelen innført att med verknad f.o.m. hausten 2007.

## **LLP: Livslang læring**

LLP [http://eacea.ec.europa.eu/static/en/llp/index\\_en.htm](http://eacea.ec.europa.eu/static/en/llp/index_en.htm) er eit nytt EU-program som inkluderer Erasmus.

Noen hovedpunkter:

- studenter kan nå reise på Erasmusopphold 2 ganger
  - stipendsatsen øker (nå: 1600,-, blir trolig over 2000,-)
  - økte muligheter for praksisopphold på minst 3 mnd i utlandet. Krever at oppholdet gir full uttelling i en grad
  - økt mulighet for ansattmobilitet (adm og vit.).
  - økt mulighet for kontaktreiser (UA og FAK deler på utgiftene, midler tilgjengelig)
  - modernisering, f.eks mulighet for utvikling av "virtuelle campus".
- Søkn.frist er 21/3, men programmet vil vare til 2013

## **Kvalitetssikringa ved UiB godkjent**

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) er svært nøgde med at kvalitetsarbeidet ved UiB er godt fletta inn i organisasjonsstrukturen. Dei meiner det her er stor aksept for påbødet om systematisk kvalitetssikring og at universitetet er opptatt av at resultata blir brukt i vidare planlegging. Sjå oppslag i På Høyden:

[http://nyheter.uib.no/?modus=vis\\_nyhet&id=35276](http://nyheter.uib.no/?modus=vis_nyhet&id=35276)

## **Informasjons- og drøftingsutvalet har hatt møte**

Informasjons- og drøftingsutvalet på fakultetet har hatt møte. Referat her:

[http://www.uib.no/mnfa/IDU/referat/2007/r\\_07\\_01\\_23\\_KJTR.htm](http://www.uib.no/mnfa/IDU/referat/2007/r_07_01_23_KJTR.htm)

Saker:

- Medarbeidersamtalar og oppfyljing av slike samtalar
- Fleksibel arbeidstid
- Lønsutvikling for arbeidstakarar som har vore tilsett i mange år
- Etter- og vidareutdanningsmidlar (for tekn./adm.) – fordeling til institutta

## Publisering 2006















Lista som vart publisert i II-NYTT for to veker sidan er no revidert (dels supplert, dels korrigert). Nedanfor er topp-fjorten-liste som inneheld alle med to publikasjonspoeng eller meir. I tillegg til publikasjonspoeng inneheld lista talet på publikasjonar av ulike slag (desse tala er ikkje normert for talet på medforfattarar):

Journalartiklar nivå 2 – journalartiklar nivå 1 – proceedingsartiklar nivå 1.

Merk at nokre av tala er litt usikre i og med at det er ikkje alltid heilt klart om ein publikasjon vil gje publikasjonspoeng eller ikkje (t.d. på grunn av uklare adresser).

Totalt har vi 87 journalartiklar og 22 artiklar i proceedings, fordelt på 57 interne forfattarar.

Instituttet sine premiemidlar for publisering (*berre for dei som no er tilsette ved instituttet*) er tilgjengeleg for bruk (kontakt Bastiansen om beløp).

 <b>10.26</b>	Hellesteth 10.26 7-3-3	 <b>4.22</b>	Ytrehus 4.22 2-0-3
 <b>5.72</b>	Fomin 5.72 2-9-1	 <b>4.00</b>	Ågotnes 4.00 1-2-0
 <b>4.97</b>	Heggernes 4.97 2-7-0	 <b>3.35</b>	Rosnes 3.35 2-0-1
 <b>4.50</b>	Parker 4.50 3-1-0	 <b>3.03</b>	Telle 3.03 1-5-0
 <b>4.43</b>	Villanger 4.43 2-4-0	 <b>2.73</b>	Walicki 2.73 1-2-1
 <b>4.35</b>	Ness 4.35 3-0-1	 <b>2.50</b>	Danielsen 2.50 2-0-0
 <b>4.25</b>	Kholosha 4.25 3-1-0	 <b>2.00</b>	Hole 2.00 2-0-0